

# **KYRKJEBLAD**

## **FOR VAKSDAL PRESTEGJELD**

Nr. 3.

Mai 1987

41. årg.



jorda, for det er ved Jerusa- til den store skal du sver- du kan ikkje vitt eller svart. g eit nei vera enn det, er av

Ere av menneske - are av Gud

6 Akta dykk at de ikkje gjer dei gode gjerningane dykkar for augo på folk, så dei skal leggja merke til det. Då får de inga løn hjå Far dykkar i himmelen. Når du dei fattige, så bli

men frels oss frå det vonde. [For riket er ditt, og makta og æra i all Amen.]

7

## MEN FRELS OSS

"Jeg går under!" ropte Peter, han hadde gått noen skritt på bølgene. Og Jesus grep tak i ham. Det nytter å rope til Jesus.

Å nei, sier du, det nytter ikke, jeg har prøvd så mange ganger, men ikke fått svar. Problemene var like store etter at jeg var ferdig med å be.

Men der tror jeg du tar feil. Det største problemet ditt var der ikke lenger når du hadde bedt. Det største problemet er å være alene. Og den som har bedt, er ikke lenger alene. Jesus er der.

Det største problemet er å være alene overfor evigheten. Å gå fortapt er det største problemet. Og det fins det løsning på. Hver den som påkaller Herrens navn, skal bli frelst, sier Bibelen.

Derfor er avslutningen av Fadervår så fantastisk. Fordi makten og himmelriket er ditt, Far, så kan du frelse oss fra det onde.

Det onde er å måtte klare seg uten Gud. Klare seg alene. Men det er ikke nødvendig, ingen behøver fortsette livet på egen hånd, de kan bare begynne på Fadervår og be bønner like til slutt.

Når du ber "Frels oss fra det onde", ber du om at han skal bevare deg gjennom alt ondt her i verden så ingenting får deg cil å slutte å be. Husk på at livet kan ta fra deg alt, det kan ta fra deg venner, kjære, eiendom, helse, livet kan ta fra deg motet, men ikke retten til å be. Og hver den som påkaller Herrens navn, skal bli frelst, leste vi nettopp.

Nå har disse andaktene handlet om bønner Jesus lærte oss. Det er ikke helt tilfeldig. Det er for at du skal fortsette, HELE LIVET! med å be denne bønner. Føy til dine egne ord underveis i bønner og underveis i livet.

Gud velsigne deg.

Øyvind Hartberg

(Luk 6,29 sagt: Auga n. Men kje imot dkk. Om r kinnet, Vil noko ta di, så la gar nokor l, fylg han g, og snu l låna av

32-36)

Du skal n din. ndane ylgjer t Far t si g lét sett- els- kkk e? ar r

6,13 De nytta i g 4,1 21,5 36,23 10,13; 2 Matt 9,14

Luk 16,13; 1 Kor 6,16 Jes 58,3ff; 1 Kong 18,21

## - om gudstenesta (7)



### Skriftlesinga

I vår gudsteneste står Guds ord i sentrum. Det ville ikkje ha vore nokon kristendom dersom ikkje gud hadde tala til oss. Det er ei openberring som er skjedd - for gjennom sine profetar og apostlar har Gud synt oss kven han er og kva han vil.

Dette er bakgrunnen for at vi les frå Bibelen i kvar einaste gudsteneste. Hadde det ikkje vore for Guds ord, kunne vi ha snudd i døra og gått heim att.

I vår norske kyrkje er tekstane ordna i to tekstrekke. Det tyder at kvar søndag har to sett med tekstar. Dei vekslar for kvart kyrkjeår. Nett no er det første rekkje som nyttast.

Kvar tekstrekke har tre tekstar: Ein frå det gamle testamentet, ein frå det nye testamentet utanom dei fire evangeliane og ein frå eit av evangeliane. Som regel vert preika halden over teksta frå evangeliet, men kvart år vel biskopane ut nokre søndagar då det skal preikast over ei av dei andre tekstane.

Dersom ein vil ha fullt utbyte av gudstenesta, er det lurt å lesa gjennom tekstane på førehand. Dei står bak i biblar og nytestamente (etter 1977 - og heilt korrekt i biblane frå 1985). Dessutan står preiketeksta for kvar søndag i ein vanleg 7. sans.

KANO

## pinse

No bed vi Heilag-Anden god om den rette tru og heilag mod, at han oss vil vare til vårt liv skal ende, alt til vi skal fare heim frå vårt elende. Herre, høyr vår bøn!

Du guddoms ljøs, lys i vårt sinn, lei oss rett til Jesus Kristus inn, så vi alltid høyrer han, vår Frelsar, kalle, han som til sitt rike kjærleg bed oss alle. Herre, høyr vår bøn!

Du kjærleiks Ande, livsens vell, kveik i oss den reine kjærleiks eld. Gjer du oss av hjarta glade i kvarandre, så vi alltid saman i din fred kan vandre. Herre, høyr vår bøn!

Du trøystar, hjelp oss i vår nød, så vi aldri ottast dom og død! Frels oss frå fortvilning i dei tunge dagar, når den vonde fiend all vår livnad klagar. Herre, høyr vår bøn!

(v.1 - tysk salme frå 1100-t. v.2-4 - Martin Luther, 1524)

## Vi noterer oss . . . .



### Fitjavatnet

Også i år vil kyrkjelydane i Samnanger og Vaksdal innby til stemne ved Fitjavatnet. Og Solveig Røen vil nok også i år by på kaffi frå denne kjelen. 21. juni er dagen for stemnet i år. Vi møttest kl.10 ved Koop'en, og dei som har ledige plassar i bilane sine, tek med dei som ikkje har skyss. Vi køyrer til Langhelle og går derifrå. Gudstenesta tek til kl.12, og den vert ved Inge Chr. Meidell. Det vert servert drikka, men mat må ein ta med seg sjølv. Samlinga vert avslutta med eit ettermiddagsmøte. Vi vonar på godt ver - og ønsker alle hjarteleg velkomen!

### Vassbakken

Helgetorsdag er det tid for det årlege stemnet på Vassbakken, der alle kyrkjelydane i prestegjeldet vårt set kvarandre stemne.

Gudstenesta tek til kl.11, og begge prestane vert med.

Etter gudstenesta vert det høve til leik og prat, og kvar einskild nyt den maten ein sjølv har med.

Så, ver velkomne til Vassbakken i Stamnes den 28. mai!

### Vigsel på prestekontoret

Vi vil gjera merksam på at det er fullt mogeleg å gifta seg i enkle former på prestekontoret, eller i sakristiet i kyrkja.

Prestane i Vaksdal

### Organiststilling lysast ut

Stillinga som organist i Vaksdal og Stamnes kyrkjer og Eidsland kapell vert no lyst ut på nytt, sidan vi ikkje fekk nokon søkjar som ville ta stillinga sist.



KYRKJELYDSELEVANE MARITA OG RUNE TAKKAR FOR SEG.

OG VI VIL TAKKA DEI FOR DEN INNSATSEN DEI GJORT I PRESTEGJELDET VÅRT OG ØNSKA DEI LUKKE TIL VIDARE!

## Ei helsing til kyrkjelydane

Vi fekk hug til å senda ei helsing til kyrkjelydane med nokre ord frå Bibelen. Desse orda vart i si tid sende i eit brev til dei kristne i byen Kolossæ i Lilleasia. Her står mykje aktuelt om korleis det skal vera i ein kristen kyrkjelyd. Dei kan gjerne lesast fleire gongar, for her er mykje å henta. Orda kan tala for seg sjølve:

"De er Guds utvalde, helga og elska av han. Kled dykk difor i inderleg medkjensle og godleik! Ver audmjuke, ta dykk ikkje sjølve til rettes, men ver tolsame, så de ber over med kvarandre og tilgjev kvarandre, om den eine har noko å klaga den andre for. Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre. Og framfor alt, kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og fullendar. Lat Kristi fred rå i hjarto dykkar, for til det vart de kalla då de vart ein lekam. Og ver takksame! Lat Kristi ord få rikeleg rom hjå dykk, så de med visdom kan læra og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar; syng for Gud med takk i hjarta! Og alt de gjer, i ord og gjerning, gjer det i Herren Jesu namn, med takk til Gud Fader ved han." (Kol.3.12-17)

Helsing prestane i Vaksdal

## PLANTETID



No er det plantetid att på kyrkjegardane våre. Det kan då høva å koma med ein del utdrag frå "Føresegner for kyrkjegardane i Vaksdal".

- Gravene skal haldast i høgd med marka. Gravhaug, hekk, stein- eller sementkarm kan ikkje nyttast. Det same gjeld flate heller og plater, då dei hindrar plenklipping og vedlikehald av plassen.
- Dei som ynskjer det, kan laga eit ope felt framfor monumentet der ein plantar blomar, i storleik 40cm x breidda av monumentet. Plantingar som vert så store at dei skjemma gravene ikring, skal etter pålegg

av soknerådet skjarast ned eller fjernast. Når ei grav ikkje lenger av dei pårørande vert halden i hevd med blomar og liknande, sår ein til med frø, slik at det vert heil plen framfor monumentet.

- Det ligg til dei pårørande å syta for oppretting av monumenta som har kome ut av lage. Det kan elles lett skje ei ulukke ved velting.

Dersom desse reglane vert fylgde, lettar ein arbeidet for kyrkjegardstenarane.

God sommar!

I.P.



# BARNESIDE

## DEN HEILAGE ANDE

40 dagar etter at Jesus hadde stått opp frå grava, for han opp att til himmelene. Den dagen kallar vi Kristi himmelfartsdag. Vi kan lesa om det i Ap.gj. 1.

Jesus hadde gjeve læresveinane ei oppgåve før han reiste: "De skal vera mine vitne." Det vil seia at dei skulle fortelja til andre menneske om Jesus. Han hadde også sagt at dei skulle få Den Heilage Ande. Den skulle vera til hjelp og kraft for dei. 10 dagar etter at Jesus hadde fare opp til himmelen fekk dei Den Heilage Ande. Det kan vi lesa om i Ap.gj. 2. Det hende på pinse dagar.

No skal vi feira pinse. Den skal minna oss om at læresveinane fekk Den Heilage Ande. Pinsen minner oss og om at vi som trur på Jesus i dag, får den same hjelpa og kräfte som dei fekk.

Tekst: Ap.gj. 2,1-4, 37-38 + 3. artikkel

### Jesu vener får hjelp

Plukk «blåveis» og fyll ut den 3. trusartikkel.



Eg ---- på Den ----- Ande,  
ei -----, allmen kyrkje,  
eit samfunn av dei -----  
for syndene, oppstoda av lekamen og ---- liv.

Sjå om du kan finne desse 5 bibelorda.

Han -----  
oss

Joh. 14,26

Joh. 16,8

Den Heilage  
Ande -----  
oss.

Rom. 8,26

Joh 14,26

Joh. 16,14

Den Heilage Ande gjer Jesus -----  
for oss.

Den Heilage Ande  
taler til oss om

Den Heilage Ande  
----- oss om det  
Jesus har sagt.

forlating


heilage

evig

HEI!

Oppgåvene er henta frå  
Barnas søndagsblad.  
Lukke til.

Reidun Skurtveit.



# Sommer

## LEIRAR PÅ RAKNESTUNET

YNGSTESLEIRAR (2. og 3. klasse)  
25.-28. juni og 9.-12. juli  
Pris: 160 kr.

YNGRESLEIRAR (4. og 5. klasse)  
29. juni-3. juli og 4.-8. juli  
og 31. juli-4. aug. Pris: 200 kr.

UNGDOMSLEIR (frå 9. klasse)  
5.-10. aug.  
Pris: 250 kr.

TENÅRINGSLEIRAR (frå 7. klasse)  
20.-25. juni og 11.-16. aug.  
Pris: 220 kr.

FAMILIELEIR  
15.-19. juli  
Pris: 165 kr./døgn for ektepar  
130 kr./døgn for enkeltpers  
55 kr./døgn for barn 5-15 år  
Gratis for barn under 5 år

PÅMELDING til Nordhordland Indremisjon  
Knarvik, 5100 ISDALSTØ  
Tlf. 35 19 55

Velkommen til sommerleirer i Sætervika.

Sætervika er en idyllisk leirplass som ligger fint til ved Samnangerfjorden.

Finne en leir som passer for din aldersgruppe og kom!

22. - 24. juni,	8 - 10 år	
24. - 27. juni,	10 - 12 år	
29. juni -		
2. juli,	10 - 12 år	
2. - 6. juli,	12 - 14 år	Aktivitetsleir
20. - 24. juli,	9 - 14 år	Ferieleir
27. juli -		
2. august,	9 - 14 år	Ferieleir
3. - 6. august,	8 - 10 år	
7. - 12. august,	over 14 år	Interesseleir



Nærmere opplysninger og påmelding:  
Norsk Luthersk Misjonssamband  
C. Sundtsgt. 2, 5004 BERGEN Tlf. 32 12 52

## SOMMERFERIE FOR ELDRE PÅ KVAMSSETER


Også denne sommeren inviterer Det Norske Misjonsselskap til feriedager for eldre på Kvamsseter Misjonssenter. Det blir bibeltimer, misjonstimer, hyggelvelder m.m.

- 14.-19. juli ledere: Helge Ekeland, Borghild Nesbjørg, Ingolf Andersen
- 21.-26. juli " Oddrun Pedersen, Liv Dahler, Lars Solberg
- 4.-9. aug. " Olav Heskjedal, Hanna Hope, Gunvor Bjørsvik
- 25.-30. aug. " Peder Pedersen, Knut Hernes, Gunvor Bjørsvik, Hanna Hope

Adresse for nærmere opplysninger og plassbestilling: Det Norske Misjonsselskap,  
Ø. Korskirkealmenning 9, 5017. BERGEN tlf. 05/31 00 61







FASTEAKSJONEN -87

Når aksjonen no er ferdig, kan Vaksdal Sokneråd melda om eit svært godt resultat i Vaksdal sokn. Heile 21.771,65 kroner kom inn ved den dør-til-dør-innsamlinga som vart gjennomført ein kveld i april. Soknerådet vil på denne måten få takka kvar enkelt gjevar. Takk for pengane som trengst så sårt, og ikkje minst takk for den velvilje som de synte når det vart banka på døra dykkar.

Omlag 20 børseberarar var med på innsamlinga, av desse var seks konfirmantar. Me sender dei ei hjarteleg takk for at dei kom og var med. Takk også til dei andre som sa seg villige til å gjera ein innsats.

Takk alle saman! Me kjem att neste år!

#### KONFIRMASJON I DALE KYRKJE 3. MAI

Sokneprest Meidell saman med konfirmantane

Frå Dale:  
 Toril Dahle  
 Grete Faugstad  
 Linn Stokke  
 Harald Davidsen  
 Dag Olav Faugstad  
 Stein Ove Fenne  
 Asle Kvamme  
 Bjørn Henrik Kvamme  
 Knut Magne Lid  
 Kjell Inge Solberg  
 Arthur Fritjof Vaksdal

Frå Stanghelle:  
 Tone Mjellelid Dale  
 Helen Kallestad  
 Trine Langhelle  
 Gry Blåflåt Vikesland  
 Cato Asbjørn Boge  
 Kjartan Dale  
 John Arne Hvidsten  
 Jørn Ove Kvamme  
 Leif Jonny Utskott



#### KONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE 3. MAI

Res.kap. Norum saman med konfirmantane:  
 Gro Amundsen  
 Tove Birkeland  
 Elin Boge  
 Gunhild Boge  
 Peggy Karin Hammersvik  
 Trude Jamne  
 Evy-Kristin Kvalvåg  
 Hege Lian  
 Merete Stanneshagen  
 Siv Sæterdal  
 Gisle Bjørsvik  
 John-Endre Eide  
 Tore Erstad  
 Aksel Hagebø  
 Trond Halland  
 Johnny Michael Persson Herfindal  
 Dag-Henry Nilsen  
 Tor Nilsen  
 Jan Christian Nysted  
 Svein Sæterdal  
 Ernst Ulevik  
 Henning Ulevik

#### KONFIRMANTAR I STAMNES KYRKJE 10. MAI

Res.kap. Norum saman med konfirmantane:  
 Anne Lise Leiren  
 Mariann Leiren  
 Øyvind Magne Bukkestein  
 Helge Hårvik  
 Jon Straume



FRÅ ÅRETS KONFIRMANT-  
FEST PÅ DALE



LOVSONGSKVELD I  
VAKSDAL KYRKJE  
MED FIDES




OG SAMNANGER  
UNGDOMSKOR

## SLEKTERS GANG

### Vigde



15.04. Nils Inge Midtun og  
Irene Bukve  
vigde i Farnes kirke, Årdal



...at dei må halda  
trufast saman og hjelpa  
kvarandre fram mot det  
evige livet.

### Døypte



#### DALE


16.04. Ole Fossmark Lilleskare  
20.04. Martin Alvheim  
døpt i Bremnes  
01.05. Siri Hesjedal

#### STAMNES

05.04. Jenny Laastad Dyvik

#### VAKSDAL

04.04. Johnny Michael Persson Herfindal  
05.04. Olav Hatlestad  
18.04. Ann-Karin Herfindal  
20.04. Jimmy Amundsen Pedersen  
03.05. Andreas Jacobsen Erstad  
03.05. Mariell Ulevik Haugen



...at dei må verta  
verande hjå Kristus når  
dei veks opp, liksom  
dei ved dåpen er inn-  
pota i han.

### Avlidne



#### DALE


01.04. Per Magnar Utskott, f.1943  
10.04. Tora Ekanger, f.1902

#### STAMNES

04.04. Bergljot Lilletvedt, f.1917  
10.04. Harald Berget, f.1908

#### VAKSDAL

24.04. Theodor Langhelle, f.1904



...at me må læra å  
telja våre dagar, så me  
kan få visdom i hjarta.



Sygna vidaregåande skule

**ALLMENNE FAG** (gymnas)  
- naturfaglinje  
- språklinje  
- samfunnsfaglinje  
**SOSIAL- OG HELSEFAG**  
- grunnkurs  
- hjelpepleiarlinje

Internatskule på kristen grunn.

Elevar frå heile landet.

Be om skuleplan!

5850 Balestrand Tlf.: (056) 91 158/91 159

## VELKOMEN TIL KYRKJE



31.mai - 6.sundag etter påske.  
BERGSDALEN kl.16.00 v/rk.Norum.Nattverd.  
STANGHELLE kl.18.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

7.juni - 1.Pinsedag.  
DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Kyrkjeskys.  
VAKSDAL kl.11.00 v/rk.Norum.

8.juni - 2.pinsedag.  
STAMNES kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.  
NESHEIM kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.

14.juni - Triefiningsundag.  
EIDSLAND kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.  
EKSINGEDALEN kl.11.00 v/rk.Knudsen.  
 Fagertun-stemna.

21.juni - 2.sundag etter pinse.  
DALE kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.  
VAKSDAL - Fitjavass-stemna.Vi møtest  
 med folk frå Samnanger.



SLÅ PÅ TRÅDEN  
 eller send meg nokre ord om du har  
 stoff til neste nummer.  
 Frist for innlevering av stoff  
 er 9. juni.

Tove Margrete

### Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:  
 Inge Christian Meidell  
 tlf. 59 61 20

Res. kap.:  
 Kjell Arne Norum  
 tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin  
 fridag!  
 Kontorassistenten kan treffast  
 på kontoret på Dale måndagar  
 kl 10-13, tlf. 59 61 20

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 50.- (eller meir)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - '55 50 45

Røtur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese